


HAVFORSKINGSINSTITUTTET



Å R S M E L D I N G 1 9 9 3



HAVFORSKINGSINSTITUTTET
INSTITUTE OF MARINE RESEARCH

I N N H A L D

| | |
|---|----|
| Melding frå styret | 4 |
| Organisasjon | 8 |
| Økonomi | 10 |
| Personale | 12 |
| Toktverksemda | 13 |
| Publikasjonar 1993 (midtsidene) | |
| Forskningsprogramma - resultat i 1993: | |
| 1. Overvaking og tilstands- vurdering av miljøet i havet | 14 |
| 2. Økosystem norskehavet – "mare cognitum" | 16 |
| 3. Reproduksjon og rekruttering | 18 |
| 4. Ressursøkologi og fleirbestandsmodellar | 20 |
| 5. Mengdemåling og bestandsstruktur | 22 |
| 6. Bestandsvurdering | 26 |
| 7. Yngelproduksjon i havbruk | 29 |
| 8. Oppdrettsorganismar – vekst og kjønnsmogning | 31 |
| 9. Havbeite | 34 |
| 10. Fangstteknologi og fiskeåtferd | 37 |
| 11. Miljøkvalitet og fiskehelse | 39 |
| 12. Fiskeriforskning i utviklingsland | 41 |
| Samarbeid og informasjon | 43 |
| Kontaktar | 46 |

HAVFORSKINGSINSTITUTTET ER

eit nasjonalt forskingssenter for liv og miljø i havet og på kysten.

HAVFORSKINGSINSTITUTTET SKAL

- *Utforske og overvake liv, miljø og samspelet mellom dei ulike organismane i havet og farvatna langs kysten.*
- *Framskaffe ny og oppdatert kunnskap om marine ressursar som er viktige for fiske, fangst og havbruk.*
- *Utvikle teknologi og biologisk grunnlag for ei rasjonell og framtidretta fiskeri- og havbruksnæring.*
- *Gje råd til styresmakter og næring om forvaltning av havmiljøet og dei marine ressursane.*
- *Formidle forskingsresultat for å fremje fiskeri-, havbruks- og øvrige samfunnsinteresser.*

Havforskningsinstituttet er sentralt i internasjonal havforskning. I samarbeid med NORAD driv instituttet F/F "Fridtjof Nansen", som bl.a. kartlegg fiskeressursar for utviklingsland. I tillegg gjev instituttet opplæring og støtte til oppbygging av forskings- og forvaltingsinstitusjonar i samarbeidslanda.

Havforskningsinstituttet har tre forskingssentre: Senter for marine ressursar, Senter for marint miljø og Senter for havbruk. Ved Arendal ligg Forskningsstasjonen Flødevigen. Instituttet har også to havbruksstasjonar: Matre havbruksstasjon forskar på laksefisk og Austevoll havbruksstasjon forskar på marine artar (kveite, torsk, skjell m.v.).

Havforskningsinstituttet har fem forskingsfarty, og både fartya og landstasjonane er utstyrte med ei rad moderne laboratorier knytt til instituttet si omfattande forskning innan marint miljø, ressursar og havbruk.



Melding frå

STYRET

Havforskningsinstituttet si hovedoppgåve er å utforske og overvake ressursar og havmiljø for å gje råd til forvaltinga om hausting av ressursane i havet - råd som kan medverke til eit maksimalt vedvarande utbytte bygt på ei økologisk heilskapsforståing.

Det er i denne samanhengen gledeleg å sjå at vi har ei positiv utvikling for fleire av dei viktigaste fiskebestandane våre, og at desse no gjev grunnlag for auka fangstkvotar. Denne positive utviklinga er ikkje minst eit resultat av HI si ressurs- og kvoterådgeving dei siste ti åra.

HI's havbruksforskning har i 1993 gjeve resultat som vil gje norsk havbruksnæring eit betre biologisk materiale, betra teknologi, utsikter til auka lønsemd og verdfulle bidrag til ei framtidretta forvaltning av norsk havbruksnæring.

I ressursforskninga blir det dei næraste åra særst viktig å følgje utviklinga i bestanden av norsk vårgytande sild. Dette er den viktigaste planktonetande arten og såleis ein nøkkelbestand i våre havområder. For norsk fiskeriforvaltning er det avgjerande viktig å få pålitelege informasjonar så tidleg som mogeleg dersom silda byrjar vandre til sine gamle beiteområder utanfor norsk økonomisk sone. HI prioriterer difor auka innsats i Norskehavet.

I ein situasjon med lite lodde, mykje ungsild og torsk i Barentshavet og med aukande mengder gytesild på norskekysten, er det viktig at instituttet kan følgje opp fleirbestandsforskninga og forskning om havklimaendringar for å forstå samspelet i naturen, og kva dette betyr for endra rekruttering og vekst hos dei viktigaste fiskebestandane våre. Arbeidet med metodeutvikling må først vidare for å gjere bestandsberekningane sikrast mogelege. I denne samanhengen er det ei viktig oppgåve å studere naturlege svingingar i bestan-

dane ved hjelp av instituttet sine lange tidsseriar og øvrige omfattande historiske materiale.

HI er eit anvendt forskningsinstitutt, og må difor vere særst merksam på balansen mellom praktisk anvendt forvaltings- og rådgjevingsarbeid og meir grunnleggjande forskning som siktar mot ny kunnskap og nye metodar. Med budsjett som flatar ut eller går ned, blir dette ei vanskeleg avveging.

Det faglege og teknologiske nivået ved HI avgjer instituttet si stilling nasjonalt og internasjonalt. Ein nedgang i omdømet til instituttet vil svekkje Noregs posisjon i internasjonale fiskeriforhandlingar, ettersom denne i stor grad står og fell på kvaliteten i HI's forskings- og overvaksingsarbeid. Styret vil difor understreke at instituttet må få økonomiske rammer som samsvarar med dei overvaksings- og rådgjevingsoppgåvene HI har, og som gjer det mogeleg å oppretthalde eit høgt faglege nivå.

Det er difor positivt at Fiskeridepartementet i fjor fulgte opp styret sitt initiativ om å få gjennomført ei faglege evaluering av HI i 1994.

RESSURSAR OG FANGSTTEKNOLOGI

Ressurs- eller kvoterådgeving er hovudproduktet til HI, og ressursrådgevinga er hovudgrunnlaget for ei god forvaltning av fiskeressursane. Tiltrådingane bygg på mengdemåling av fiskebestandane og vurderingar av korleis desse vil utvikle seg, ei djupare forståing av det kompliserte samspelet mellom mengda av artane og deira gjensidige beiteforhold - og også utviklinga av fangstteknologi som haustar selektivt innanfor fastsette kvoter.

Gode bestandsråd har medverka til ei positiv utvikling for viktige fiskearter som sild og torsk i våre nordlege havområder. Loddestamma derimot

har gått dramatisk attende, og dette vart varsla i god tid ut frå overvakingsdata og kunnskap om matbehovet til torsken og silda i Barentshavet. Viktige spørsmål er no om silda vil kunne erstatte lodda som føde for torsken, og når det blir "rom" for ei ny talrik loddeårsklasse, slik at eit balansert fiske på alle desse artane kan oppretthaldast.

Sjølv om instituttet sine bestandsberekningar, prognosar og ressursråd er rimeleg gode, er bestandsberekningar og prognosar framleis for usikre. HIs kontinuerlege arbeid for utvikling av betre metodar er difor svært viktig. I 1993 er det mellom anna gjort store framsteg med å bruke sonar til mengdemåling av fiskestimar. Gjennom betra toktopplegg og teknisk utstyr har forskarane avdekt og fjerna systematiske feil i målingar av botnfisk. Eit femårig samarbeidsprosjekt mellom HI og trålnæringa, avslutta i 1993, gjev også von om at utvida bruk av data og ekspertise frå fiskeflåten vil gjere botnfiskmålingane betre.

Første perioden av fleirbestandsprogrammet nærmar seg slutten. Resultata blir alt nytta i Det internasjonale havforskningsrådet (ICES) for bestandsutvikling og kvoteråd for lodde i Barentshavet. Det er no viktig å vidareføre fleirbestandsarbeidet for direkte bruk i bestandsvurdering og rådgjeving. Planteplankton skal inn i fleirbestandsmodellane, og sentralt i denne forskinga er også fortsatt overvaking av dietten til sjøpattedyr.

Innan forskning på selektivt eller "ansvarleg fiske" har instituttet m.a. gjort lovande forsøk med utsorting av småmakrell i notfiske - og med skiljing av ulike fiskeslag i torsketral. Atferdsstudiar og forsøk vedkomande seleksjon og fiskeoverleving for andre reiskapstypar har også gitt resultat som vil medverke til betre ressursforvaltning og auka lønsemd.

MILJØ

Havforskningsinstituttet har hatt ei sentral rolle i den internasjonale gruppa North Sea Task Force (NSTF). Denne forskargruppa vart etablert etter ministerkonferansen i 1987 for å kartleggje miljøproblema i Nordsjøen. NSTF avslutta sitt arbeid i 1993 med utarbeiding av ein omfattande statusrapport. Rapporten vil vere grunnlaget for ein andre europeisk ministerkonferanse for miljøet i Nordsjøen, ei oppfølging av konferansen i 1987.

NSTF-rapporten viser m.a. at Skagerrak og Kattegat er område der miljøgifter frå heile Nordsjøen blir utfelte og sedimenterer. Urovekkjande er også samanhangen mellom høge konsentrasjonar av nærings salt frå Kanalen og bløming av skadelege algar i Skagerrak. Rapporten peikar også på at oljeindustrien ureinar havbotnen rundt plattformene med kjemikalier ein ikkje veit verknadane av. NSTF-rapporten har store bidrag frå Havforskningsinstituttet, og vil venteleg bety mykje i arbeidet med å redusere ureininga til Nordsjøen.

Også i 1993 gjennomførte instituttet, saman med andre norske forskarar og russiske kolleger, ei ny kartlegging av radioaktiv ureining i Karahavet. Toktet gjekk i regi av Den norsk-russiske miljøkommissjonen, med toktleiar frå Havforskningsinstituttet. Resultata frå fjorårets Karahavtokt er i samsvar med 1992-granskinga; lave verdiar av radioaktiv forureining og ingen grunn til uro. Men det er også behov for å få undersøkt nærare tilstanden til det dumpa radioaktive materialet i Karahavet. Havforskningsinstituttet foretok også i fjor regelmessige målingar av radioaktivitet ved den havarerte russiske ubåten "Komsomolet" ved Bjørnøya. Målingane så langt, og det forskarane veit om havstraumane i djupvatnet, gjev ikkje grunn til uro. Faren for spreiding av radioaktivt materiale til fisk er svært liten.

I det nye forskingsprogrammet Økosystem Norskehavet, "Mare Cognitum", fekk ein i 1993 vist at det var praktisk mogeleg å gjennomføre ei storskala kartlegging av alle deler av økosystemet, plankton og pelagisk fisk både i overflatelaget og djupare nedover i havet. Dette forskingsprogrammet er særst viktig med tanke på at ein veksande bestand av norsk vårgytande sild truleg vil vandre ut til sine gamle beite- og overvintringsområder i Norskehavet.

HAVBRUK

HI har sidan først på 1980-talet forska mykje på miljøverknader frå oppdrettsanlegg. På grunnlag av denne kunnskapen har instituttet i 1993 lagt grunnlaget for ein matematisk modell som kan berekne miljøverknadane av oppdrettsanlegg på ein bestemt lokalitet, og ein arbeider også med eit overvakingssystem for kontroll av miljøverknader.

Forsøk med ekstra lys på merdkanten har gitt svært positive resultat; betre fôrutnytting, auka vekst og kontrollert kjønnsmogning. Dette er forskning som vil gje norsk havbruksnæring monaleg lågare produksjonskostnader. Ved lysmanipulering har instituttet i 1993 også kome eit godt stykke vidare mot heilårleg yngelproduksjon for kveite. Tørrfôrtilvenning er framleis ein flaskehals i settefisk-produksjonen av kveite. Eit nyutvikla spesialfôr for kveite har i 1993 gitt god overleving og svært god vekst, faktisk ei tredobling av vekta på tre veker.

Bakteriar på fiskeegg har vore eit problem i marin yngelproduksjon. Nye metodar for desinfeksjon av egg har i 1993 gitt gode resultat for m.a. steinbit, og no meistrar forskarane eggproduksjon og klekking for både kveite og steinbit. Forsøk med stort kamskjel har også gitt lovande resultat i 1993, og store mengder kamskjelyngel er no sett ut i ulike prosjekt.

I 1993 er det dokumentert at fargestoffet astaxanthin er eit nødvendig (essensielt) næringsstoff for fisk, og at riktig astaxanthin-tilsetning i laksefôr kan gje redusert dødelighet på yngelstadiet, betydeleg tilvekst og reduserte pigmenteringskostnader.

Innan havbeiteforskinga har 1993-forsøka vist gode gjenfangstar av laks. Gjenfangstane viser at laksen finn tilbake til utsetjingsstaden, og at kystmodellen for havbeite med laks såleis fungerer.

1993-resultata frå instituttet si havbruksforskning blir m.a. formidla til næringa i publikasjonen "Havbruksrapport 1994", som no er utvida med også havbruksstatistikk - og elles gjennom forskarforedrag på årsmøter i næringa, konferansar m.v.

SAMARBEID

I 1993 har HI hatt eit nært samarbeid med norske universitet. Styret ser positivt på at HI i fjor fekk knytta til seg tre forskarar i bistilling (forskingssjef II) frå Universitetet i Bergen, innan områda atferd/fangstteknologi, modellering og marinbiologi. Med Fiskeriforskning i Tromsø har instituttet også i 1993 hatt felles leiargruppe- og styremøter, der forskingssamarbeidet mellom institusjonane har vore drøfta. HI stilte i 1993 F/F "M. Sars" til rådvelde for Fiskeriforskning si kystressursgranskning.

Samarbeidet med det russiske havforskningsinstituttet PINRO i Murmansk har også i 1993 bygt på ein omfattande samarbeidsavtale som omfattar viktige felles fiskeressursar, havmiljøet i våre nordlege farvatn og fangstteknologi (m.a. selektivt fiske). Fiskeriforskning i Tromsø har dei siste åra kome med i dette samarbeidet. I fjor fekk vi også innan havbruk etablert eit samarbeid mellom HI og PINRO, og i 1994 vil tre russiske forskarar opphalde seg ved Austevoll havbruksstasjon for kortare eller lengre periodar. Havforskningsinstituttet fekk i fjor løyvt tre millionar kroner over UD's budsjett til samarbeidet med PINRO, og desse midlane har gjort det mogeleg for HI å støtte PINRO med moderne utstyr, møter og kurs/opplæring. Dette er tiltak som er særskild viktige for den felles ressursforskinga i nord.

Omorganiseringa av forskingsråda, med opprettinga av Noregs forskingsråd (NFR), skapte i 1993 ein del praktiske problem, m.a. med omsyn til planlegging av forskingsaktivitetar for 1994. Styret vonar dette er startvanskar NFR greier å rette opp. Instituttet legg stor vekt på eit fortsatt nært samarbeid med forskingsrådet.

I 1993 kom Havforskningsinstituttet aktivt med i forskingsprogramma i EU. For 1994 er fleire samarbeidsprosjekt med europeiske forskingsinstitutt etablert. Styret ser det som viktig at dette forskingssamarbeidet blir bygt ut ved alle dei tre sentra ved instituttet.

I oktober 1993 fekk NORAD overlevert den nye F/F "Dr. Fridtjof Nansen". Havforskningsinstituttet har driftsansvaret for fartøyet, som no arbeider utanfor Namibia og Angola. Den nye forskingsfartøyet markerer starten på det nye "Nansen-programmet", som omfattar støtte til oppbygging av fiskeriinstitusjonar i tillegg til havforskning i samarbeidslanda sine økonomiske soner. NORAD-samarbeidet er også viktig for instituttet si forskning i våre nordlege farvatn, fordi u-landsforskinga gjev innsikt i andre økosystem enn våre heimlege. Dette er kunnskap som kan vere nyttig for forskning i norske farvatn.

Havforskningsinstituttet har i 1993 hatt eit godt samarbeid med Fiskeridepartementet og Fiskeridirektoratet. Særleg vil styret framheve det gode samarbeidet som har utvikla seg med Fiskeri-

direktoratet etter at instituttet og direktoratet skilte lag. Det nære naboskapet på Nordnes verka også positivt for samarbeidet.

ADMINISTRASJON

Arbeidet på instituttet sine forskingsfartøy har i 1993 gått godt, og vi har ikkje hatt store ulukker med skade på korkje mannskap eller materiell. Arbeidet på havet vil alltid vere risikofyllt, og difor har instituttet no gjennomført eit sikkerheitskurs for både fartøy og forskingspersonell.

Ein personalpolitisk handlingsplan har vore ei prioritert oppgåve for instituttet. I 1993 var denne ferdig skriven og vedteken av styret. På nyåret 1993 vedtok styret at det skulle utarbeidast ein strategiplan for Havforskningsinstituttet. Strategiplanen, som vart vedteken i august, dreg opp linene for instituttet sitt arbeid fram til århundreskiftet, og vil såleis vere eit viktig styrings- og profileerings-dokument for instituttet.

I 1993 fekk instituttet eit nytt verktøy og nye rutiner for økonomi- og prosjektstyring. Vidare har instituttet teke i bruk eit eigenutvikla edb-system

for planleggjing og oppfølging av forskingsverksemda. Etter styret si vurdering har instituttet fått ein god reiskap for verksemdsplanlegging og økonomistyring.

Styret er også nøgd med at den nye senter-organiseringa av instituttet byrjar verke. Ei vurdering Noregs forskingsråd og styret gjorde av Fangstseksjonen si administrative plassering gjev eit positivt bilete av seksjonen si utvikling etter at denne vart knytt til instituttet.

Arbeidsmiljøet ved instituttet er godt. I 1993 var sjukefråveret 2,9 prosent mot 2,5 prosent i 1992. Størst var fråveret grunna sjukdom i november og desember, i samband med influensaepidemien. Arbeidsstokken ved HI er svært stabil. Styret er ikkje kjent med at verksemda til instituttet forureinar det ytre miljøet.

Styret vil takke samtlege tilsette ved Havforskningsinstituttet for heilhjarta innsats og godt lagarbeid i 1993. Dette er ein føresetnad for at instituttet skal kunne framskaffe forskingsresultat som stettar dei strenge kvalitetskrav våre kundar i dag stiller til HIs verksemd.

Gunn Farstad

Merete Johannessen

Lillian Andreassen

Kjell Olsen

Viggo Jan Olsen

Trygve Gytre


Øivind Mårvik

Jørn Krog
Styreleiar

Oddrun Pettersen

Roald Vaage
Adm. direktør

ORGANISASJON





Foran frå venstre: Lilliann Andreassen, Øivind Mårvik, Gunn Farstad, Merete Johannessen og Oddrunn Pettersen.
Bak frå venstre: Trygve Gytre, Viggo Jan Olsen, Jørn Krog og Kjell Olsen

FORSKINGSPROGRAMMA VED HAVFORSKNINGSINSTITUTTET

- Overvaking og tilstandsvurdering av miljøet i havet
- Økosystem Norskehavet - «Mare Cognitum»
- Reproduksjon og rekruttering
- Ressursøkologi og fleirbestandsmodellar
- Mengdemåling og bestandsstruktur
- Bestandsvurdering
- Yngelproduksjon i havbruk
- Oppdrettsorganismar - vekst og kjønnsmodning
- Havbeite
- Fangstteknologi og fiskeåttferd
- Miljøkvalitet og fiskehelse
- Fiskeriforskning i utviklingsland

STYRET VED HAVFORSKNINGSINSTITUTTET

Avdelingsdirektør Jørn Krog, leiar
Sekretariatsleiar Oddrunn Pettersen, nestleiar
Fiskar Øyvind Mårvik, Hasvåg
Forskingsjef Merete Johannessen, NIVA
Professor Kjell Olsen, Norges Fiskerihøgskole
Kvalitetsleiar Lilliann Andreassen, Bergen
Fiskeridirektør Viggo Jan Olsen
1. konsulent Gunn Farstad, Havforskningsinstituttet (HI)
Forskar Trygve Gytre, HI

Varamedlemar:


Direktør Kristian Holst, Harstad
Matfiskoppdrettar Marit Dille, Abelvær
Professor Tor Rødseth, Univ. i Bergen
Ass. fiskeridirektør Hallstein Rasmussen
Konsulent Roy Heggholmen, HI
Konsulent Åse Løvaas Pedersen, HI
Forskar Geir Dahle, HI
Forskar Knut Jørstad, HI

ADMINISTRASJON


Adm. direktør Roald Vaage
Informasjonsleiar Arnold Farstad
Senterleiar Åsmund Bjordal, Senter for marine ressursar
Senterleiar Roald Sætre, Senter for marint miljø
Senterleiar Snorre Tilseth, Senter for havbruk
Forskingsjef Jakob Gjøsæter, Forskningsstasjonen Flødevigen
Forskingsjef Erling Bakken, Fiskeriforskning u-land
Avd. direktør Maja Bauge, Administrasjons- og serviceavdeling

ØKONOMI

INNTEKTER 1993



UTGIFTER 1993



FINANSIERING OG FORBRUK 1993

| Finansieringskjelde | Drift | Invest | Totalt | Forbruk pr. kostnadsstad | | | |
|-----------------------|----------------|------------|----------------|---------------------------------|-------------------|----------------|----------------|
| | | | | Løn | Varer og tenester | Totalt | |
| Fiskeridep.: | | | | | | | |
| Statsbudsjett | 184 967 | 364 | 185 331 | Administrasjonen | 13 321 | 9 108 | 22 429 |
| Prosjekt | 295 | | 295 | Ressurssenteret | 26 179 | 9 609 | 35 788 |
| NFFR | 23 864 | | 23 864 | Fangstseksjonen | 6 833 | 5 758 | 12 591 |
| NTNF | 519 | | 519 | Miljøsenderet | 19 517 | 15 517 | 35 034 |
| NAVF | 1 836 | | 1 836 | Havbruk i Bergen | 11 251 | 6 561 | 17 812 |
| NLVF | 288 | | 288 | Austevoll | 11 320 | 8 326 | 19 646 |
| Nordisk ind.fond | 225 | | 225 | Matre | 5 782 | 6 174 | 11 956 |
| Nordisk min.råd | 2 979 | | 2 979 | Flødevigen | 7 452 | 2 858 | 10 310 |
| Statoil | 2 033 | | 2 033 | | | | |
| British Petroleum | 272 | | 272 | Fiskeriforskning | | | |
| Norsk Hydro | 250 | | 250 | i u-land | 11 532 | 17 169 | 28 701 |
| Saga Petroleum | 250 | | 250 | Forskningsfartøya | 43 469 | 35 817 | 79 286 |
| PUSH | 8 648 | | 8 648 | | | | |
| Dir. for naturforv. | 750 | | 750 | Til saman drift | 156 656 | 116 897 | 273 553 |
| SFT | 2 587 | | 2 587 | | | | |
| Utanriksdept. | 7 373 | | 7 373 | Investering EDB | | 364 | 364 |
| Olje- og energidept. | 2 083 | | 2 083 | | | | |
| Dir. for utvkl.hjelp | 28 701 | | 28 701 | Negativt resultat 92 | | 1 392 | 1 392 |
| Fondet for fiske- | | | | Forpl. proj.- 94 ²⁾ | | 2 983 | 2 983 |
| leitung og -forsøk | 714 | | 714 | Forpl.statsb. -94 ³⁾ | | 153 | 153 |
| Diverse ¹⁾ | 10 530 | | 10 530 | Netto drift res. -93 | | 1 083 | 1 083 |
| Til saman | 279 164 | 364 | 279 528 | Til saman | 156 656 | 122 872 | 279 528 |

Den venstre delen av tabellen viser finansieringskjelde og høgre delen korleis midlane er bruk fordelt på kostnadsstad.

¹⁾ «Diverse» omfattar årsoppgjersdisposisjonar, utgifter i samband med administrasjon av prosjekta og fleire prosjekt med eit beskjedent økonomisk omfang.

²⁾ Prosjektmidlar overførte frå 1993 til dei same prosjekta i 1994.

³⁾ Bundne statsbudsjettmidlar overførte frå 1993 til 1994.

FORBRUK 1993 FORDELT PÅ PROGRAM

| PROGRAM | REKNESKAP 1993 | | Totalt |
|--|----------------|---------------|----------------|
| | St.budsjett | Ekst.midler | |
| 1. Overvaking/tilstandvurd. av havmiljøet | 16 901 | 6 186 | 23 087 |
| 2. Økosystem Norskehavet/«Mare cognitum» | 15 930 | 4 033 | 19 963 |
| 3. Reproduksjon og rekruttering | 8 133 | 2 714 | 10 847 |
| 4. Ressursøkologi og fleirbestandsmodellar | 18 426 | 5 852 | 24 278 |
| 5. Mengdemåling og bestandsstruktur | 72 351 | 3 319 | 75 670 |
| 6. Bestandsvurdering | 10 567 | 419 | 10 986 |
| 7. Yngelproduksjon i havbruk | 6 194 | 8 009 | 14 203 |
| 8. Oppdrettsorg./vekst- og kjønnsmogning | 5 271 | 7 585 | 12 856 |
| 9. Havbeite | 3 528 | 10 069 | 13 597 |
| 10. Fangstteknologi og fiskeåtfærd | 13 386 | 5 716 | 19 102 |
| 11. Miljøkvalitet og fiskehelse | 6 066 | 3 933 | 9 999 |
| 12. Fiskeriforskning i u-land | | 28 701 | 28 701 |
| 13. Støtteprosjekt ¹⁾ | 8 424 | 2 204 | 10 628 |
| TIL SAMAN | 185 177 | 88 740 | 273 917 |

¹⁾ Støtteprosjekt er i hovudsak driftskostnader ved sentra og stasjonane, kostnader i samband med databasen ved instituttet, IT-strategi og samarbeid med PINRO, Murmansk.

P E R S O N A L E

I 1993 hadde Havforskningsinstituttet 355 stillingar organisert over statsbudsjettet. Dette er ein auke på tre heimlar. Årsaka er at vi fekk ei stilling frå Fiskeridirektoratet, og to stipendiatstillingar over statsbudsjettet. Tabell 1 syner korleis talet på fast tilsette har endra seg.

Forutan dei fast organiserte har Havforskningsinstituttet 114 prosjektengasjerte medarbeidare, og 17 sjøfolk på "Dr. Fridtjof Nansen" Totaltalet på arbeidstakarar i 1993 var 486. Tabell 2 syner korleis desse var fordelte på arbeidsstader.

Forskarar med doktorgrad auka i 1993 frå 32 til 35 - fem forskarar ved instituttet tok doktorgraden i 1993 medan to med doktorgrad slutta. Tabell 3 syner utviklinga gjennom dei fem siste åra.

Medarbeidarsamtalar, som var innført ved institut-

tet i 1992, er også gjennomført i 1993. Tilbakemeldingane har stort sett vore positive. I 1993 har det som tidligare vore halde ei rad kurs og anna opplæringsverksemd. I alt har 267 tilsette (120 kvinner og 147 menn) delteke. I tillegg har 104 personar vore med på havarivernkurs (22 kvinner og 82 menn). Instituttet har òg skipa til eit kurs med 20 deltakarar i verne- og miljøarbeid for sjøfolk. Tilsaman brukte instituttet i 1993 omlag 772 000 kroner til opplæringsverksemda.

Personalseksjonen hadde eit stort arbeidspress i 1993 fordi instituttet mangla personalsjef og i tillegg hadde ein langtids-sjukemeldt. Frå hausten 1993 har seksjonen hatt fullt mannskap.

Tabell 1. Utvikling i fast organiserte stillingar 1988-1993.

| Stillingskategorier | 1988 | 1989 | 1990 | 1991 | 1992 | 1993 |
|----------------------|-------|-------|-------|-------|------|------|
| Forskarar | 74 | 78 | 77 | 83 | 81 | 81 |
| Tekn./adm. personale | 168,5 | 168,5 | 175,5 | 186,5 | 181 | 184 |
| Sjøfolk | 62 | 63 | 63 | 89 | 89 | 90 |
| Sum | 304,5 | 309,5 | 315,5 | 358,5 | 351 | 355 |

Tabell 2. Stillingar fordelt etter arbeidsstad og kategori 1993.

| Stillingskategoriar | Senter for havbruk | Senter for miljø | Senter for ressurs | Flødevigen | U-landsforskning | Adm.- og service | HI i alt |
|---------------------|--------------------|------------------|--------------------|------------|------------------|------------------|----------|
| Forskere | 41 | 29 | 41 | 8 | 3 | 0 | 122 |
| Tekn./adm. pers. | 66 | 38 | 63 | 18 | 4 | 68 | 257 |
| Sjøfolk | | | | | 17 | 90 | 107 |
| Sum | 107 | 67 | 104 | 26 | 24 | 158 | 486 |

Tabell 3. Doktorgradar ved Havforskningsinstituttet.

| Stad | 1988 | 1989 | 1990 | 1991 | 1992 | 1993 |
|------------------|------|------|------|------|------|------|
| Marine ressursar | — | 2 | 6 | 9 | 11 | 10 |
| Marint miljø | 4 | 7 | 7 | 7 | 8 | 9 |
| Havbruk | 2 | 4 | 5 | 6 | 9 | 12 |
| Flødevigen | 1 | 1 | 1 | 1 | 3 | 3 |
| U-landsforskning | — | — | — | — | 1 | 1 |
| HI i alt | 7 | 14 | 19 | 23 | 32 | 35 |

TOKTVERKSEMDA

Instituttet sine forskingsfartøy har også i 1993 vore svært godt utnytta, med nære på tre hundre toktdøgn kvar for dei tre største fartøya. "G.M. Dannevig og "Fjordfangst" har færre toktdøgn grunna eittskift mannskap. "Dr. Fridtjof Nansen" (som instituttet opererer for NORAD) har langt færre toktdøgn i 1993 enn året før. Årsaka er at fartøyet vart teke ut av drift sommaren 1993 og selt - og erstatta av ein nybygd "Dr. Fridtjof Nansen", som var toktklar ved årsskiftet 1993/94. Talet på toktdøgn med leigefartøy var i 1993 omlag som i 1992. Held vi "Dr. Fridtjof Nansen" utanfor, ser vi at talet på toktdøgn i våre heimlege farvatn i 1993 var noko større enn i 1992.

Antall toktdøgn vist i tabellane her er tid brukt til forskning. Gangtid mellom ulike granskingsområde, verkstadopphald eller landligge for skifte av mannskap kjem i tillegg. Persontoktdøgn er samla toktdøgn for det vitskaplege personellet som er med fartøya.

Som tidlegare år er forskingsinnsatsen for instituttet sine fartøy størst i nordlege farvatn (nord for 62 gr. N) - og storparten av toktdøgn med leigefartøya var også granskingar i våre nordlegaste farvatn. Ein stor del av fartøy- eller tokt-budsjettet vart nytta til ressursgranskingar - i forskingsprogram 5 "Mengdemåling og bestandsstruktur".

| BRUK AV EIGNE OG LEIGDE FARTØY | | | | |
|--------------------------------|----------|----------------|----------|----------------|
| | 1992 | | 1993 | |
| | Toktdøgn | Persontoktdøgn | Toktdøgn | Persontoktdøgn |
| "G.O. SARS" | 299 | 2542 | 295 | 2773 |
| "JOHAN HJORT" | 291 | 2127 | 286 | 2640 |
| "MICHAEL SARS" | 283 | 1699 | 290 | 1401 |
| "G.M. DANNEVIG" | 194 | 591 | 169 | 539 |
| "FJORDFANGST" | 154 | 299 | 193 | 404 |
| LEIGEFARTØY | 1014 | 1981 | 1012 | 1667 |
| "DR. F. NANSEN" | 229 | 982 | 107 | 490 |
| TOTALT | 2464 | 10221 | 2352 | 9914 |

| TOKT - NORD OG SØR FOR 62. GR. N. BR. | | |
|---------------------------------------|------|-----|
| | Nord | Sør |
| "G. O. SARS" | 210 | 85 |
| "JOHAN HJORT" | 252 | 34 |
| "M. SARS" | 164 | 126 |
| "FJORDFANGST" | 87 | 106 |
| "G.M. DANNEVIG" | | 196 |
| TOTALT | 713 | 547 |

Overvaking og tilstandsvurdering av miljøet i havet

Programmet si målsetjing er å etablere ei heilskapleg og koordinert overvaking og tilstandsvurdering av havklima, plankton og forureiningstilhøva i norske kyst- og havområde.



PROGRAMLEIAR
JAN AURE

Tidsseriar for både menneskeskapte verknader på miljøet og naturlege svingingar i økosystemet er høgt etterspurte data i miljø- og ressursforskinga. For Havforskningsinstituttet har difor vedlikehald av tidsseriar og overvaking av miljøet i havet i mange år vore ei viktig oppgåve. Vi har følgeleg også lagt ned ein stor innsats på dette feltet. Målgruppene for programmet er forskarar som arbeider med havklima-, fiskeri- og miljøforsking, offentleg ressurs-, natur- og forureiningsforvaltning og dei næringene som dyrkar og haustar ressursane i havet.

Ei grunnstamme i overvakingssystemet er ei rad faste hydrografiske snitt (kurslinjer) og stasjonar langs kysten. Her observerer vi først og fremst temperatur og saltinnhald i vatnsøyla, og på nokre lokalitetar også vatnkjemi og plankton. På dei faste hydrografiske stasjonane får vi frå lokale observatørar data 1-3 gongar i månaden, medan standardsnitta i havet blir gjennomførte 1-6 gonger i året. For dei faste snitta har vi no data nære på 40 år attende, medan tidsseriane for dei faste stasjonane går meir enn 50 år attende i tida. Desse måleseriane er eit særst verdfullt materiale for å avdekkja svingingar i havklimaet. Dei siste åra har vi modernisert dei faste hydrografiske stasjonane med m.a. overføring av data via telefon-

nettet. I 1993 fekk vi også etablert nye gjennomsnittsverdiar eller normalar for desse stasjonane. Måleprogrammet ved dei faste stasjonane på Sørlandet er noko utvida dei seinare åra som ein del av Kystovervakingssystemet administrert av Statens Forureiningstilsyn (SFT).

I Nordsjøen driv vi omfattande overvaking av nærings salt seinhaustes og om våren. I Skagerrak samlar vi hyppig inn data om nærings salt og algar frå instituttet sin forskingsstasjon i Flødevigen. Dette er ein viktig del av den nasjonale overvakinga og beredskapen med omsyn til større blømingar av skadelege algar.

I Barentshavet og Norskehavet var hovudvekta i 1993 lagt på overvaking av klima/miljø og dyreplankton som grunnlag for vekst i bestandane av lodde, torsk og sild. I Barentshavet har vi etter 1992 trappa opp overvaking og kartlegging av radioaktivitet og miljøgifter. Havforskningsinstituttet har også vore med i eit større internasjonalt samarbeidsprogram, AMAP - Arctic Monitoring and Assessment Programme, som i 1996 skal leggje fram ein statusrapport om miljøstoda i Arktis. Havforskningsinstituttet har hatt ansvaret for å utarbeide handlingsplanen for den marine delen av AMAP. I perioden 1991-93 har vi gjennomført ei omfattande kartlegging av forureiningsstoff i sediment og organismer i Barentshavet, og denne vil vere eit viktig grunnlag for statusrapporten i 1996.

Våre målingar i 1993 viser at den milde havklima-

perioden som sidan 1988-89 har vore medverkan- de til god rekruttering og vekst i våre viktigaste fiskebestandar, no ser ut til å gå mot slutten. Temperaturane i Barentshavet vil truleg "normaliserast" i løpet av 1994 og etter kvart bli liggjande noko under langtidsnormalen. Avkjølinga blir størst i aust og noko mindre tydeleg vest i Barentshavet. Vi ventar også forverra isforhold vinteren 1994. Dei siste observasjonane tyder og på ein fortsatt temperaturnedgang i dei atlantiske vatnmassane i Norskehavet, men også i 1994 får vi truleg temperaturar noko over langtidsnorma- len. Det relativt største temperaturfallet vil vi tru- leg observere i dei nordlege delane av Norskehavet, i kyststraumen og i dei grunne områda av Nordsjøen, der temperaturen vinteren 1994 truleg på ny vil søkkje under langtidsnorma- len. Vi ventar god dyreplanktonproduksjon i dei sentrale og nordlege områda av Barentshavet i 1994, og dette vil kunne medverke til god indivi- duell vekst for den minska loddebestanden i Barentshavet.

Førebels resultat frå kartleggjinga av miljøgifter i Barentshavet viser t.d. at innhaldet av PCB i torske- lever er lågare enn målingar frå torsk frå Nordsjøen og Skagerrak. Det er likevel urovek- kjande at vi finn desse naturframande kunstige stoffa i all fisk så langt nord som i Barentshavet, sjølv om dei ligg godt under dei verdiane som mange land har fastsett som grense for omsetjing av fiskeprodukt. Dette viser kor viktig det er å kartleggje forureiningsstoda i Arktis, og kor viktig det er å få forbod mot bruk av miljøgifter både nasjonalt og gjennom internasjonale avtalar.

I 1993 fekk vi løyve til å granske dumpestader for fast radioaktivt avfall i einskilde fjordar på Novaja Semlja og ute i sjølv Karahavet, og hausten 1993 gjennomførte vi eit felles norsk-russisk tokt med deltakarar frå fleire norske institusjonar. Hav- forskingsinstituttet var operativt ansvarleg for tok- tet. Førebels resultat frå dette toktet viser ikkje auka nivå av radioaktivitet i områder med dumpa fast avfall.

Vi har i 1993 også teke jamlege prøver av vatn og sediment ved den havarerte russiske atomubåten "Komsomolets", som ligg på om lag 1 650 m djup sørvest av Bjørnøya. Prøvene viser sær låge

Cesium-137 verdiar i vatn og sediment like rundt ubåten. Med bakgrunn i desse granskingane og frå straummålingar og modellsimuleringar, kan vi slå fast at dei små mengdene radioaktivt materiale frå "Komsomolets" ikkje er nokon fare for fiskeri- områda i Barentshavet eller andre stader. Å heve vraket av ubåten er derimot ein svært risikabel operasjon, og eit eventuelt uhell kan føre til stor spreiring av radioaktivitet i overflatelaget.

I april 1993 var det relativt små tilførsler av men- neskeskapt nærings- salt til Skagerrak frå sørlege Nordsjøen. På bak- grunn av nærings- salttilhøva og alge- forekomstane vur- derte vi risikoen som liten for blø- ming av skadelege alger i Skagerrak i løpet av mai. Det var ingen alvorlege "algeepisodar" med fiskedaude langs kysten i 1993, men i mars, under vår- bløminga av kisel- algar, mista eit par lakseanlegg på Vestlandet etter måten mykje fisk. I april-mai døydde noko oppdrettsfisk



Foto: Mentz Indergaard

i Sørfjorden ved Osterøy nord for Bergen, og i mai døydde oppdrettsfisk i ein brønnbåt i Byfjorden ved Bergen. Under begge desse hendingane registrerte vi ulike arter Chrysochromulina i sjø- en. I byrjinga av august årsaka Prymnesium sp. dårleg appetitt og noko laksedaude i oppdrettsan- legg i Sandsfjordområdet i Ryfylke. Gyrodinium aureolum, som har vore den vanlegaste årsaka til fiskedaude i oppdrettsanlegg langs kysten vår, fann vi berre i små mengder i 1993.

Problema med alger som årsakar giftige skjell, var etter måten store i 1993, særleg på hausten i Sør- Norge. Det var særleg algen Dinophysis som gjev diaré, vi fann i uvanleg store mengder.

Økosystem Norskehavet - «Mare Cognitum»

I 1993 starta Havforskningsinstituttet programmet MARE COGNITUM. Programmet er planlagt gjennomført over åtte år, med overordna mål å avdekkje dei viktigaste årsakene til variasjonar i havklimaet og fiskebestandane. Dette vil danne grunnlag for betre og meir langsiktige prognosar for utviklinga i fiskebestandane. I første del av programmet, i 1993-94, er målet å få eit klårare bilete av korleis plankton og fisk fordeler seg i vatnmasser og havstraumar.

Sildebestanden er no i vekst, og vi ventar at silda dei næraste åra bruker Norskehavet i større grad som beiteområde. Det er difor viktig å kunne dokumentere endringane i silda sitt utbreiings- og vandringsmønster, og korleis silda eventuelt påverkar fiskebestandar og plankton i økosystemet.


Sommaren 1993 gjennomførte instituttet med forskingsfartøya "Johan Hjort", "G.O. Sars" og "Michael Sars" ei storstilt kartlegging av plankton og fisk i Norskehavet. Områdedekkinga var god og røynslene i hovudsak positive. Vi kartla samstundes plankton og pelagisk fisk i både overflatelaget og djupare nede i havet. Dette er metodisk krevjande og vi brukte ein kombinasjon av akustisk registrering og innsamling med trål og MOCNESS planktontrål. Smalstråla sonar vart brukt til å registrere og mengdemåle stimar av sild og silda sine rørsler i overflatelaget. Silda hadde ei nord-



PROGRAMLEIAR
HEIN RUNE SKJOLDAL

leg utbreiing frå Vesterålen og nordover mot Bjørnøya og vidare vestover mot polarfronten på ca 5° austleg lengde. I byrjinga av august var silda etter alt å døme i ferd med å trekkje attende til norskekysten og overvintringsområdet i Ofotsfjorden-Tysfjorden.

Eit sentralt spørsmål i forskingsprogrammet er kva som styrer vandrainga og livssyklusen til silda i Norskehavet. Vi studerte vandrainga frå gytefelta og ut i Norskehavet på tokt med "Johan Hjort" og "G.O. Sars" i april, og fann mykje sild djupt i vatnsøyla på ca 400 m om dagen i eit tett lag utanfor eggakanten. Om natta danna silda stimar litt høgare i vatnsøyla, men mageprøver viste



Utbreiing av vaksen sild i juli 1983 – og sjøtemperatur. Vi ser at silda har vandra ut til Polarfronten (tjukk strek med saltinnhald 35 promiller).

at ho beita lite på denne tida. Det såg såleis ut til at silda vandra nordover frå gytefelta på Møre og ved Karmøy på djupt vatn utafør eggja. Det er muleg at silda her gjer seg nytte av den atlantiske straumen som renn nordover utanfor eggakanten. Ekstra sterk straum grunna milde vintrar dei seinare åra kan ha medverka til å gje silda ei nordleg fordeling under beiteperioden.

Metodiske spørsmål har hatt ein sentral plass i Norskehavs-programmet i 1993. Dette gjeld utprøving og bruk av smalstråla sonar og trål. Vi har freista fange laks med trål i Norskehavet, men dette synest å vere ein lite eigna fangstreiskap for laks.

Vi har vidare arbeid mykje med å bruke akustiske instrument til registrering og mengdemåling av større former av dyreplankton tilliks med mindre fisk som yngel og små pelagiske fiskeslag (lakse-sild, lysprikkfisk). I samarbeid med ICES (Det internasjonale havforskningsråd) arrangerte vi i juni eit metodetokt med "Johan Hjort" og det tyske forskingsfartøyet "A. v. Humboldt". Vi gjennomførte ei omfattande og detaljert utprøving og samanlikning av akustisk registrering og ulike reiskapar for innsamling av dyreplankton. Resultat og tilrådingar frå desse forsøka blir nytta til vidare forbetringar av

metodar og innsamlingsrutiner. Vi har òg byrja å kartleggje genetiske variasjonar hos dyreplankton i Norskehavet. Siktemålet er her å bruke moderne genetiske metodar til å kartleggje i kor stor grad der finst atskilte bestandar av dyreplankton i ulike delar av Norskehavet. Eksperimentelt arbeider vi med sild for å granske samanhengar mellom førtilgang, vekst, kjønnsmogning og eggmengde.

Lysforholda styrer den vertikale utbreiinga av mange dyreplanktonartar og fisk. Vi har sett døme på korleis ei bløming av planteplankton kan påverke vertikalfordeling og predator-bytte forhold. Vår oppbløminga utviklar seg raskare og tidlegare i kyststraumen enn i Atlanterhavsvatnet

utanfor. Ei slik bløming svekkjer lysgjennomgangen i vatnet og trekkjer difor laksesild og andre artar med lysstyrt vertikalfordeling høgare opp i vatnsøyra. Dei kan dermed i større grad bli transporterte inn over sokkelen til eventuelle predatorar (t.d. botnfisk) og byttedyr (t.d. sildelarvar). Slike samanhengar mellom algevekst, lys, botn-topografi, utbreiing og predator-bytte forhold vil vi granske nærare.

Sidan 1990 har instituttet vore med på granskingar av plankton og silderekuttering innan det nasjonale forskingsprogrammet om nordnorsk kystøkologi. Vi har no samla inn eit omfattande

materiale frå 1990-1993, som alle var år med gode årsklassar av sild. Vi har arbeid med å setje opp ein matematisk modell for straumforholda langs norskekysten. Modellen vil nyttast til å berekne transporten av sildelarvar frå gytefelta under dei spesielle meteorologiske forholda vi har hatt i desse åra. Modellen vil vere ein viktig reiskap når vi i 1994 skal oppsummere og samanfatta resultatane frå desse sildegranskingane. Ved instituttet har vi nytta ein liknande straummodell til å berekne drift av torskelarvar frå gytefelta i Lofoten for fleire år attende. Vi arbeider også med å setje opp ein modell for det

nordlege Barentshavet, og denne vil vi bruke i arbeidet med å lokalisere gytefeltet til den vestlege bestanddelen av polartorsk.

Innan samarbeidsprosjektet Cardeep (for gransking av karbondioksyd og danning av djupvatn), har vi arbeid med algevekst og sedimentering i Grønlandshavet. På eit tokt med "Johan Hjort" i august ankra vi opp ein rigg med automatiske sedimentfeller på ca 3 500 m djup på 75°N. Desse fellene er programmerte til å samle materiale i 12 periodar, og resultatane vil gje eit bilete av sesongvariasjonen i transport av organisk materiale frå overflatelaget til større djup.




Foto: Mentz Indergaard

Reproduksjon og rekruttering

Målet til dette forskingsprogrammet er å auke kunnskapen om korleis naturgrunlaget verkar inn på overleving og vekst for dei tidlege stadiar av fiskens liv - for dermed å kunne gje sikre berekningar av årsklassestyrken på eit tidleg tidspunkt. Vidare er målet å få auka forståing av korleis menneskelege inngrep i det marine miljø kan påverke rekrutteringa til fiskebestandane.

I 1993 har vi vidareført tidlegare aktivitetar for torsk og sild, med særskilt vekt på desse hovudområda: 1) Korleis kondisjonen til foreldrebestanden verkar på eggkvalitet, eggmengde og gyte-tidspunkt, blant anna vurdert ut frå klimasvingingar, 2) Korleis fysiske og biologiske prosessar påverkar vekst og overleving av marine fiskelarvar i tidlege livsstadier, og 3) Analyser av lange tidsseriar for kystnære fiskebestander, der vi ser rekruttering i samanheng med miljø, gytebestand og fangst.

Vi har i fleire år drive feltgranskingar på tidlege stadier av norsk vårgytande sild. Resultata viser at produksjonen av larvar er stor etter at 1993 årsklasse rekrutterte til gytebestanden. Også i 1992 fekk vi stor produksjon av sildelarvar, og dei nyklekte sildelarvane fann godt med byttedyr i startfôringsfasen. Gode oppvekstvilkår i larvefasen la grunnlaget for ei sterk årsklasse. Førebels resultat for 1993-årsklasse viser at svært mange sildelarvar vart klekte, og at desse fekk god vekst i startfôringsfasen.



PROGRAMLEIAR
ERLEND MOKSNESS

Bassengforsøk med sildelarvar haustgytt i Nordsjøen, viser at øyresteinane (otolitane) til larvane og tilhøvet mellom RNA og DNA på individnivå kan nyttast både til attendebereking av dagleg kroppsvekst og til å seie noko om kva tilstand larvane er i når dei blir fanga. Fleire år med feltgranskingar i Skagerrak viser at

store mengder haustgytte sildelarver i Nordsjøen driv inn i dette området frå gytefeltet i den sentrale og den nordlege delen av Nordsjøen. Tidlegare studiar har vist at det er ulik dagsonebreidde hos sildelarvar som kjem frå den sentrale og den nordlege delen av Nordsjøen. Ved å måle dagsonebreidda, kan vi såleis finne opphavsområdet til dei larvane som blir fanga i Skagerrak.


Resultata frå feltgranskingar av torskeyngel i den nordaustlege delen av Nordsjøen, i Kattegat og Skagerrak i 1992 og 1993 viser at torskeyngelen i Skagerrak kjem både frå Nordsjøen og frå den nordlege delen av Kattegat. Høgast tettleik av yngel fann vi i dei frontområda der det var mest klorofyll, og dette samsvarar med resultata frå feltgranskingar på Nordsjø haustgytte sildelarvar i Skagerrak. Granskingane viser at utbreiinga og utviklinga til torskeyngelen i Skagerrak er sterkt knytt til sirkulasjonen av havvatnet i dette området.

I programmet vil vi arbeide vidare med å utvikle kompetanse og kunnskap om korleis kondisjonen til foreldrebestanden påverkar eggkvalitet, eggmengde og gytetidspunkt. I tillegg til den kunn-

skapen vi no har fått om torsk, bør ei vidareutvikling for torsk settast i gang samstundes med tilsvarande forsøk for sild. Silda er ein viktig art i dei havområda Noreg i dag har forvaltingsansvaret for. Difor bør aktiviteten innan programmet også i framtida bli retta mot rekrutteringsmekanismane hos denne arten. Vi bør prioritere arbeidet med å nytte mikrostrukturen i otolitten for å få innsikt i dei viktigaste prosessane som styrer rekrutteringa. Modellering av egg- og larvedrift, og modellering av årsklassestyrke og rekruttering for viktige fiskeslag bør i framtida bli naturlege element innan programmet. Dei lange tidsseriane vi har for biologiske og hydrografiske data frå Skagerrakkysten vil i framtida også bli nytta for å få større innsikt i økosystemet i fjordane i området - korleis dei ulike dyresamfunna i fjordane påverkar kvarandre.




Nyklekte sildelarvar. Foto: Arne Hassel.



Sildeegg like før klekking. Foto: Arne Hassel.

Ressursøkologi og fleirbestands- modellar

Målet er å undersøkje næringsgrunnlag, populasjonsdynamikk, bestandsidentitet, utbreiing og vandringsmønster for alle viktige levande marine ressursar i havområda våre. Vidare skal ein vurdere og utvikle populasjonsdynamiske modellar som talfester samspelet mellom artane og kva miljøet har å seie for bestandsutviklinga.



PROGRAMLEIAR
ØYVIND ULLTANG

Den viktigaste arbeidsoppgåva i programmet er å utvikle fleirbestandsmodellar bygde på data frå våre havområde som kan nyttast i rådgjeving om ressursforvaltning. I høve til denne oppgåva har mellom anna fylgjande viktige ting skjedd i 1993:

■ Ein vekstmodell for norsk arktisk torsk er så godt som ferdig utvikla. Førrebels resultat frå modellen samsvarar godt med observert vekst hos torsk. Modellen vil kunne styrke dei berekningane av vekst som blir gjort i fleirbestandsmodellen for Barentshavet (MULTSPEC).

■ Vi har utvikla ein enklare metode for opparbeiding av mageprøver på tokt, der vi konsentrerer oss om byttedyr som er viktige i forvaltningssammenheng. Dette vil mellom anna føre til at vi får raskare informasjon om konsumet til torsken. I databasen om næringsval til torsk har ein no informasjon om innhaldet i om lag 60 000 torskemagar. Arbeidet med å kartleggje silda si beiting på loddelarver er godt i gang. I juni 1992 og juni/juli 1993 undersøkte vi om lag 3 100 sild i Barentshavet, og resultatata blir no analyserte.

■ Vi har arbeidd vidare med den biologiske tidsserien for norsk vårgytande sild attende til 1930. Vidareføring attende til 1904 reknar vi med å få avslutta i 1994. Samstundes er eit tilsvarande arbeid starta opp for norsk-arktisk torsk. Slike tidsseriar er heilt sentrale i arbeidet med å få betre kunnskap om mekanismane, inkludert samspel mellom bestandar, som regulerer bestandsutviklinga.

■ Vi har lagt mykje arbeid ned i å gjere ferdig den forenkla fleirbestandsmodellen AGGMULT. Arbeidet er viktig sidan denne modellen utgjer det biologiske grunnlaget for arbeidet med bioøkonomiske fleirbestandsmodellar ved Noregs Fiskerihøgskule, Universitetet i Tromsø. Oppgåva er no nærast fullført.

■ I samarbeid med Norsk Reknesentral har vi utvikla ein modell for Norskehavet-Barentshavet. Modellen er ei utviding av eksisterande bestandsmodellar for sild, lodde og torsk med vekt på samspelet mellom bestandane og periodiske klimavariasjonar som kan påverke vekst og rekruttering. Modellen er no operativ, dvs vi kan bruke modellen, men mykje arbeid står att med å spesifisere og talfeste parametrane som er med i modellen, t.d. rekruttering.


■ I samarbeid med Norsk Reknesentral har vi utvikla ein modell for Norskehavet-Barentshavet. Modellen er ei utviding av eksisterande bestandsmodellar for sild, lodde og torsk med vekt på samspelet mellom bestandane og periodiske klimavariasjonar som kan påverke vekst og rekruttering. Modellen er no operativ, dvs vi kan bruke modellen, men mykje arbeid står att med å spesifisere og talfeste parametrane som er med i modellen, t.d. rekruttering.

Kjøtfargen (pigmenteringa) er eit av dei viktigaste kvalitetskriteria hos laks. Generelt sett har norsk laks for svak pigmentering samanlikna med skotsk og chilensk laks, og blir følgjeleg dårlegare betalt på verdsmarknaden. Det raude fargestoffet astaxanthin er dyrt og utgjer heile 20-25% av fôr-kostnadane.

Til ganske nyleg har vi ikkje visst kva biologisk funksjon dette raude fargestoffet har. Forsøk ved Matre havbruksstasjon har vist at astaxanthin er nødvendig for overleving og vekst hos laks under startfôringsfasen og at yngel som ikkje får dette fargestoffet har høg dødeligheit og lav vekst. Granskinga viste at vitamin A truleg blir danna frå astaxanthin, og at lakseyngel kan gjere seg dårleg nytte av dei vitamin A kjeldene næringa bruker i

dag. Med ei astaxanthin-tilsetjing på 5-10 mg pr kg fôr vil vi få normal vekst på yngelen. Desse resultatane er viktige for norsk oppdrettsnæring - betre fôr gjev høgare overleving og betre vekst i tidleg yngelfase hos laks. Vi har no vist at astaxanthin er eit naudsynt næringsstoff, og dette bør føre til eit positivt syn på bruk av dette fargestoffet i laksefôr.

Eit prosjekt ved Matre havbruksstasjon, slutført i 1993, viser at mengda fargestoff i fiskemuskel er avhengig ikkje berre av astaxanthin-innhaldet i fôret, men også av kor gamal og stor fisken er. Ved ein gitt storleik har laksemuskelen ei øvre grense for opptak av astaxanthin. Den optimale mengda astaxanthin i eit fôr med ein feittprosent på 20-23% er 50-60 mg astaxanthin/kg. Ei auke av fargemengda ut over dette gir ubetydeleg auka kjøtfarge.

NFR-prosjektet "Misfarga laks" granskar kvifor nokre lakseparti har unormal pigmentering, og at vi får skjolder og stort fargetap under bearbeiding av laksen. Skjolding er ofte som ein kile "silikonaktig" muskel frå sporen og framover langs ryggbeinet, kvite små flekkar langs filéten, kvitt felt i buken eller kvite "sebrastriper". Vi arbeider særleg med "silikonaktig" muskel. Unormal pigmentering synest henge saman med fisken sine vekstforhold, stress, slakteprosess og vidarebearbeiding.

Mengda laks i ein oppdrettsmerd påverkar kvaliteten på vatnet. Forsøk ved Austevoll havbruksstasjon har vist at med auka mengder fisk i merden går oksygeninnhaldet ned og ammoniakkinnhaldet opp. Høg tettheit gjev kronisk, men ikkje særleg høgt stress hos fisken. Vi ser ingen ein tydlig samanheng mellom mengde fisk i merda og nivået av kronisk stress. Vi har ikkje fått klare svar på korleis fisken sin helsetilstand blir påverka av tettheit.

Granskinga viser at laks over ein kilo venner seg

til høg tettheit, og veks like godt som fisk som går romsleg. Høg tettheit verkar ikkje negativt på slaktekvaliteten, men fisk som går tett i ein månad får høgare "miljøfarge", han blir ikkje so blank.

Tilgang på oksygen vil truleg vere det som i dei fleste situasjonar set grenser for mengde fisk i eit oppdrettsanlegg. Dette tilseier at fisken må gå romslegare (mindre biomasse pr m³) i perioden juni - oktober, då temperaturen på vatnet normalt er høgare enn elles i året. Fleire forsøk synest tyde på at det vil vera biologisk gunstig å ale opp småfisk under ein halv kilo ved langt lågare tettheit enn kva som er naudsynt for fisk over ein kilo.



I eit NFR-prosjekt ved Austevoll havbruksstasjon har vi gjennom tre atferdsforsøk granska individuelt fôrkonsum til laks i merd med høg tettheit. I alle forsøka åt kjønnsnognande laks meir enn gjeldfisk (fisk som ikkje kjønnsnognar). Hos

fisk som kjønnsnogna etter ein vinter i sjø (tert), var skilnaden tydeleg alt frå månadsskiftet januar/februar til slutten av mai.

Både i ein- og to-sjøvinter-gruppene hadde kjønnsnognande laks eit høgt matkonsum i første halvdel av kvar einskild fôring. Denne skilnaden var mest utprega i mars, og stadfestar det vi tidlegare trudde, at gjeldfisken først klarer å ta fôr etter at dei kjønnsnognande har ete seg nokon lunde mette.

Atferdsforsøka viser at ein kan skilje kjønnsnognande frå ikke-kjønnsnognande fisk ved å sjå på appetitten til laksen.

Bruk av tilleggsllys på merdkanten gjev auka vekst i matfiskoppdrett av både laks og torsk. Tilleggsllys fører til minka kjønnsnogning hos laks men ikkje hos torsk. Lysstyring av torsken si kjønnsnogning blir nærare granska i prosjektet

"Lys i matfiskoppdrett av torsk". Godt med opp-lagsnæring (feitt) i levra påverkar kjønnsmog-ninga hos hanntorsk. I eit forsøk har vi vist at vi får betre fôrutnytting ved først å la torsk svelte. Men sveltinga minkar ikkje andelen kjønsmog-nande torsk. Fleire forsøk med lysstyring viser klårt at tidspunktet for første gyting hos både torsk og kveite er styrt av lyset. Kor mykje gyte-prosessen kan flyttast i tid, veit vi enno ikkje.

Utprøving av ein prototyp lukka merd for matfisk-oppdrett av kveite er no sluttrapportert. Denne teknologien bygg på femten års røynsle med opp-drett av marin fisk i posar. Ei renseinnretning fjer-nar sediment frå botnen av den lukka merda. Røynslene med lukka merd er so langt positive. Fisk i merd veks like fort som fisk i kar. Vi unngår sårskadar som er typiske for kveite i kar utan sand eller liknande på botnen. Ved å gje fisken eit fly-tande fôr unngår vi fôrspill.

Ved instituttet sine sjukdomslaboratorier har vi vist at bakterien som årsakar furunkulose på laks under heilt spesielle laboratorievilkår kan overfø-rast til kveite, leppefisk og torsk. Men truleg har desse artane langt større motstandskraft mot furunkulosebakterien enn laks. Det er viktig å trappe opp denne typen studiar for å klarleggje samspelet mellom oppdrett og organismane rundt oppdrettsanlegga.

På grunn av ILA (infeksiøs lakseanemi) er det ved inngangen til 1994 framleis ulovleg å eksportere usløya norsk oppdrettslaks til EU-land. Sjølv om vi i Noreg har redusert talet på ILA-utbrot i opp-drettsnæringa, er smittestoffet framleis ukjent. I 1993 har vi imidlertid påvist protein som er spesi-fikke for ILA, og dette er eit viktig steg på vegen til å utvikle ein diagnostetest for sjukdomen. HI har på dette området eit samarbeidsprosjekt med Intervet Norbio og Universtitetet i Bergen. Våre forsøk viser også at laksen kan vera smitteberar og at han kan overføre smitte lenge før vi kan sjå teikn til sjukdom. Dette betyr at laks skil ut smit-testoff på eit tidleg tidspunkt i sjukdomsforløpet.




Foto: Geir S. Johannesen

Havbeite

Målet for programmet er å klarleggje grunnlaget for utvikling av havbeite på torsk, hummar, laks og kamskjel. I tillegg til granskingar knytta til PUSH-programmet (Program for Utvikling og Stimulering av Havbeite), har vi i 1993 gjort viktige populasjonsgenetiske studier på ville bestandar av torsk, sild, hummar og leppefisk. Vi har òg studert genetisk påverknad frå oppdretta til vill laks.



PROGRAMLEIAR
KNUT E. JØRSTAD

HAVBEITE TORSK

Effektiv og rimeleg yngelproduksjon og utsetjing/attfangst er dei viktigaste oppgåvene i desse forsøka.

Frå 1983 til 1993 har Havforskningsinstituttet merka og sett ut over 550 000 oppdretta torsk i Masfjorden i Hordaland. Instituttet har òg vore fagleg ansvarleg for havbeiteforsøka med torsk i Ytre Namdal i Nord-Trøndelag, der til saman 37 000 småtorsk og 2 100 vill torsk er merka og sett ut i perioden 1991-93. I Masfjorden undersøkte vi om produksjonen av torsk i ein fjord kan aukast ved å setje ut kunstig produsert torskelyngel. Vi kartla dei fysiske og biologiske tilhøva som avgjer bereevna for torsk i ein typisk vestlandsfjord. Forsøka syner at bereevna i fjorden ser ut til å variere med mengda dyreplankton som vert tilført frå dei ytre kyststroka, og at produksjonen av torsk såleis avheng av vatnutskiftinga mellom Masfjorden og kyststraumen. Mengda av naturleg fôr (dyreplankton) transportert inn i fjorden er såleis truleg det

som i størst grad avgjer totalproduksjon av torsk i Masfjorden. Yngelutsetjinga hadde liten innverknad på vill torsk og andre artar i fjorden.

Forsøka viser klårt at ein fjord som Masfjorden er mindre eigna til havbeite med torsk. Havbeiteforsøka med torsk

er difor flytta lenger ut til kysten, til Øygarden kommune. Vi vil her granske om stor tilførsle av plankton frå kyststraumen, saman med store og grunne områder med tareskog, gjev høg produksjon av torsk samanlikna med meir lukka fjordar.

Det er lagt ned eit stort og viktig arbeid i forsøka i Masfjorden, og det er naudsynt med ei redusert oppfølging, ikkje minst for å registrere i kva grad og korleis den utsette torsken går inn i gytebestanden i fjorden. Masfjorden er den einaste staden i verda der det er sett ut genmerka fisk, og det er difor mogeleg å måle nærare i kva grad den utsette torsken vil gje tilskot til dei nye årsklassane i fjorden.

HAVBEITE LAKS

Føremålet er å utvikle den såkalla "kystmodellen" for havbeite med laks, som skil seg frå meir tradisjonelle lakseutsetjingar i elvar ved at vi set ut yngel i sjø nær små, ikkje-lakseførande vassdrag på kysten. Laksen får dermed kortare veg ut til dei store havområda der han veks opp. Utsetjingsstaden må liggje langt borte frå dei viktige lakseelvane inne i fjordane, for å hindre feilvandring og negativ påverknad på villaksen.

Havforskningsinstituttet sette i 1993, tredje året på rad, merka laksesmolt ut i Selstøvågen nær Telavåg på Sotra. Denne vågen er berre 500 meter lang og 40-80 meter brei og får tilført ferskvatn frå eit særst lite vassdrag. Vi nytta ei oljelense til å samle opp eit kunstig lag av ferskvatn i den inste delen av vågen der smolten stod i merdar før han slapp fri i sjøen. Dette synest klårt å forenkle den kritiske overgangen frå ferskvatn til sjø.

Smolten si åtfærd etter utsetjing granska vi ved hjelp av undervassvideo. Vi studerte særleg kor viljug smolten var til å vandre ut av bukta. Vi granska om storleiken på smolten verka på vilje til utvandring, kva rolle tid for utsetjing spela, og kor lang tid smolten treng for å tilpasse seg sjøvåttn. Resultata syner at storleiken på fisken ved utsetjing er særst viktig, og at fisken ikkje må setjast ut for tidleg på året. Ulike periodar i sjøvåttn før utsetjing har liten verknad på vandringstrongen. Desse resultata viser at ein bør tilpasse utsetjinga etter kva smolt ein har.

Når det gjeld attfangst av laks i 1993, la vi stor vekt på informasjon og direkte kontakt med fiskarar. Røynslene er positive, og talet på rapporterte attfangstar har auka.

På utsetjingsstaden i Selstøvågen vart laksen fanga i garnkilar. Av feittfinneklippa laks fekk vi i 1993 ein attfangst på 1,7%, i sjølve Selstøvågen 0,9%. Mesteparten av fisken er hannlaks som har vore ein vinter i sjøen. Vi ventar difor ein god auke i fangstane i 1994, då stor hofisk kjem attende. Av laks med ytre merker (Carlin-merker) var attfangsten 2,9%, og det er eit godt resultat. Truleg er over 1 000 laks frå utsetjinga i 1992 attfanga. Tilsiget av ferskvatn til Selstøvågen har vore berre 13-14 liter per sekund gjennom mesteparten av fangstsasjonen. Dette er særst lite i høve til vatnføringa i norske lakselvar. Laksen finn likevel fram til utsetjingsstaden. Røynslene frå 1993-sasjonen syner difor at kystmodellen fungerer.

Vi registrerte at ein del havbeitelaks streifa eller "feilyandra". Få havbeitelaks vart attfanga i lakselvar i Hordaland. Dei fleste streifarane vandra

opp i elvar langt borte frå utsetjingsstaden, i vassdrag frå Jæren og austover. Dette kan tyde på at utsetjing på kysten gjev eit anna mønster for streifing enn andre typar utsetjing. Attfangst-tala og registreringane av streifarar i 1993 syner at handsaminga av smolten før utsetjing er viktig. Såleis hadde ei gruppe straumtrenea smolt både høgast attfangst i Selstøvågen og lågast streifing til andre område. Det er difor viktig å sjå om dette gjeld også for havbeitelaks attfanga i 1994.



HAVBEITE HUMMAR

Havforskningsinstituttet har sidan 1989 produsert hummarungar på Kyrksæterøra. I 1993 vart resultatet meir enn 65 000 botnslegne yngel. Stabil og høg temperatur i vatnet og betre fôringsopplegg har auka overlevinga i dei tidlege livsstadia til hummaryngelen.

Hummaryngelen frå Kyrksæterøra set vi ut på to lokalitetar: storskala forsøk på Kvitsøy, og mindre, eksperimentelle studiar i Øygarden utanfor Bergen. Stamdyra er fanga på dei same lokalitetane, slik at den utsette hummaryngelen er frå den lokale stamma.

På Kvitsøy har vi totalt dei siste tre åra sett ut om lag 100 000 yngel. Til registrering av attfangstar i fisket har vi godt samarbeid med Kvitsøy kommune og lokale fiskarar. Dei første attfangstane av utsett hummar kjem no etter kvart inn i fangstane. I dei ordinære hummarfangstane på Kvitsøy (hummar over minstemålet) var i 1993 innslaget av utsett hummar 12%. Av hummarfangstar under minstemålet var nesten 40% utsett hummar, og innslaget av utsett hummar vil difor auka dei næraste åra.

I hummarforsøka i Øygarden studerer vi nærare botnforholda på utsetjingsstadane (habitata) og kor tett hummaryngelen kan setjast ut. Sidan 1991 har vi her sett ut om lag 14 000 merka hummaryngel. I 1993 vart det starta eit innleiande prøvafiske, men så langt med små fangstar. Vi ventar større innslag av utsett hummar i årets fangstar, og her vil vi òg teste ut ulike fangstmetodar i samarbeid med lokale fiskarar. Genetiske studiar er ein del av hummarforsøka, og vi tek sikte på å analysere all stamhummar, yngelen vi set ut, og all attfanga hummar.

KYSTBEITE KAMSKJEL

I Fosen i Sør-Trøndelag blir det i dag hausta kamskjel, og det er her stor interesse for kystbeite med kamskjel. I samarbeid med lokale krefter sette vi i 1993 i gang innleiande studier med utsetjing av merka kamskjel frå den lokale stamma. I dette prosjektet studerer vi overleving og vekst på ulike lokalitetar. Vi har oppretta gode kontaktar med skjelforskarar i andre land, og forsøka med kamskjel vil venteleg auke i åra framover.

POPULASJONGENETISKE STUDIAR

Målet er å finna eigna genmerker ("genmarkørar") til bruk i bestandsgranskingar og i studiar av gensamspel mellom kulturbestandar og villfisk.

Ved instituttet har vi eit genlaboratorium der vi kan bruke ulike genetiske analysemetodar. Dei seinare åra har vi fått ei veldig rask utvikling av nye genteknologiske metodar. Studiar av einskildgener direkte på arvestoffet DNA gjev i mange høve meir informasjon om arveleg variasjon enn

kva vi får ut av dei meir vanlege protein-analysane. Dei nye metodane er førebels tidkrevjande og etter måten kostbare. Ved laboratoriet har vi i 1993, saman med leiande forskarar i utlandet, arbeidd med å ta i bruk fleire av dei nye metodane. Med Marine Gene Probe Laboratory i Halifax, Canada, har vi hatt eit nært samarbeid, og vi får her rask tilgang til nye og forbetra metodar som kan nyttast i meir konkrete studier her heime.

Studier av gen-samspel er særleg knytta til mogeleg påverknad frå rømt oppdrettsfisk på dei ville laksestammene. Slike problem har dei siste åra òg vore knytta til genmodifiserte organismar og havbeite. Det er difor stort behov for ny kunnskap om gen-påverknad mellom ulike stammar av same art. Desse forsøka utfører vi i Øyreselva i Mauranger, med lokale og framande bestandar av laks og aure. I mai 1993 sette vi her ut 7 000 genetisk merka laks som raskt vandra ut i sjøen. I august sette vi så opp ei fiskesperre med fangstfelle i den nedre delen av elva. Formålet var å måle storleiken av gytebestandane av laks og aure. Vi gen-analyserte samtlege gytefisk vi fanga. Dei første resultatata frå lakseforsøket i Øyreselva får vi i 1994.

Vi arbeider også med kartleggjing av bestandsstruktur på hummar og leppefisk. Vi har samla inn eit stort materiale frå ulike delar av landet, og har førebels analysert desse for arvelege variasjonar i vevsenzym. Vi satsar på å få fleire prøver slik at vi kan kome fram til ein bestandsmodell for dei aktuelle artane.

Fangstteknologi og fiskeåtferd

Målet til programmet er å utvikle fangstteknologi tilpassa eit ansvarleg fiske ved at det vert fiska selektivt på fisk med høg marknadsværdi, og at bifangst og utkast vert redusert til eit minimum.

I 1993 var arbeidet i programmet konsentrert om desse hovudoppgåvene:

- Storleiksseleksjon med sorteringsrist av makrell og sei i snurpenot og i lagringsmerdar
- Førings- og langtidslagring av makrell
- Artsselektivt fiske av torsk, hyse og sei i trål
- Storleiksseleksjon av fisk, reke og sjøkrep i trål ved å nytta ristteknologi
- Seleksjon av torsk, hyse og flyndre i snurrevad
- Talfesting av døying hos torsk og hyse som slepp ut gjennom maskane i snurrevad og trål
- Snurrevadteknologi for fangst, mellomlagring og førings- og lagring av torsk som skal oppdrettast
- Teiner for fangst av torsk
- Fangstteknikk for leppefisk
- Tråling over røyrløysingar
- Sluttrapportering av seismikkforsøka

Innblanding av småfisk har vore eit stort problem i makrellfiskeria. Forsøk med sorteringsrist i nota har auka innblandinga av G-6 makrell (over 600 gram) med meir enn 10%. Forsøka tyder òg på at vi kan få enno mykje betre resultat ved å bruke lengre tid på sorteringa samstundes som teknologien vert vidareutvikla. Vi vil difor føre forsøka vidare, og vi vil sjå nærare på døying etter sorte-



PROGRAMLEIAR
INGVAR HUSE

ring sjølv om dei innleiande forsøka tyder på at berre ein liten del av den utsorterte småmakrellen døyr.

Forsøk med langtidslagring av makrell tyder på at vi ikkje må føre fisken for å få god overleving. Marknaden betalar særst godt (over kr 20,- pr kg til fiskar) for

makrellen om våren. Denne ferske vårmakrellen er eit nytt produkt som det tykkjast vere ein viss marknad for i Noreg og elles i Europa. Føringsforsøk med makrell i brunnbåt gav òg gode resultat med omsyn til overleving.

Innleiande forsøk på å skilje torsk, hyse og sei i trål har gitt lovande resultat. Ved å montere eit horisontalt panel framfor trålsekken, og dele trålsekken i to kammer, fekk vi 70% av hysa og seien i den øvre delen, medan 70% av torsken gjekk i den nedste delen. Dette kjem av at hyse og sei søkjer opp mot not-taket når dei går inn i trålen, medan torsken går ned. Forsøka vil bli ført vidare.

Forsøka med ristsortering i reke- og sjøkrepstrål held fram. Utsortering av småfisk og småreke/krepser er enno ikkje god nok, men overleving av maske-selektert småtorsk og småhyse frå reketrål er særst høg. Vidare utvikling av denne sorterings-teknologien er turvande. Krepserista gjev betre seleksjon enn maskar, men liten vass-straum over rista gjev problem med klogging. I snurrevad verkar sorteringsrist godt, men firkantmaskar er om lag like gode som rist. Firkantmaskar større enn

150 mm skil ut mest all torsk og hyse, men fangar raudspette.

Forsøk med nedsenka feltmerdar for levande torsk på Lofotfeltet gav ikkje gode resultat. Men sjølve fangsten med snurrevad, transporten til mottaksmerd, og lagring i merd gjekk bra. Dette arbeidet vil førast vidare, med konstruksjon av ein ny mellomagringsmerd. Vi vil òg utvikle ein metode for å ta fisk til overflata under fangst med snurpenot utan at symjeblæra blir sprengt. Desse forsøka skjer i samarbeid med Fiskeriforskning.

Fisketeiner med doble kalvar og to rom gav tolv gongar høgare fangstrater for torsk enn tradisjonelle teiner. Årsaka er at fisken ikkje så lett kan røma frå desse teinene. Forsøka gjekk i Finnmark om våren. Innleiande forsøk tydde på låge innslag av undermåls hyse i fløytlinefisket, men desse forsøka må utvidast før vi kan kome med sikre konklusjonar om dette.

I torskefiskeri fangar botnline relativt sett mykje meir hyse enn kva trål gjer. Garn fangar den største blåkveita, medan trål fangar mest, men stort sett mindre fisk. Line fangar stor og mellomstor blåkveite.

Leppefisk går ikke lett i teiner når temperaturen er under 9°C. Teiner etter trollkrabbe og kongekrabbe (kamtsjatkakrabbe) fiskar bra, men ved lang ståtid rømer krabbane ut av teina.

Forsøk med tråling over 40" røyrleidningar viser at trålen ikkje vert skadd.

Rapporten frå undersøkinga av verknaden av seismisk skyting på fangst og fiskefordeling vart levert i mars (sjå publikasjonslista). Hovudkonklusjonane frå dette prosjektet er refererte i Havforskningsinstituttet si årsmelding for 1992.



Utprøving av skiljerist i makrellnot. Foto: Fangstseksjonen

Miljøkvalitet og fiskehelse



PROGRAMLEIAR
JARLE KLUNGSØYR

Føremålet med programmet er å undersøkje i kor stort mon menneskja sine aktivitetar og tilførsjar av forureining påverkar kvaliteten og livsvilkåra til fisk og anna liv i havet. I 1993 har vi kartlagt utbreiinga og verknadane av organiske miljøgifter, olje, nærings salt og generell tilførsle av organisk materiale til havet. Vi granska også bruk og spreining av antibakterielle midlar i samband med sjukdom hos oppdrettsfisk, og vi har forska på soppsjukdom på sild. Ein vesentleg innsats gjekk med til å skriva statusrapportar over miljøstoda i Nordsjøen, som ein del av arbeidet innafor North Sea Task Force.

Observasjonar av oksygenforbruket i terskelbasseng - i fjordar og åpne kystfarvatn - på Sørlandet i 1990-91 og 1930-92 syner at den organiske belastinga her var omlag 50 % høgare enn på Vestlandet. Denne auken synest å ha funne stad kring 1980. Det ser difor ut til at Sørlandskysten også er påverka av den generelt aukande organiske belastinga vi har observert i Kattegat og austlege Skagerrak i 1980-åra. Høg algeproduksjon, framvekst av giftige algar og oksygenmangel er ei følgje av dette. Opne kystbasseng hadde mykje høgare oksygenforbruk og dermed større tilførsle av organisk materiale enn venta ut frå observasjonar i dei fjordliknande terskelbassenga. Vi har grunn til å tru at dette skuldast tilførsle av resuspendert (oppkvervla) organisk materiale frå havområda utanfor.

Våre granskingar viser at det først og fremst er

medisinfør som spreier antibakterielle midlar frå oppdrettsanlegg til villfisk, og denne spreinga gir høgast konsentrasjon av slike antibakterielle midlar i villfisk. I tillegg skjer ei "diffus" spreining (langsam utlekking) frå medisinholdige ekskrement gjennom næringsrekkja eller sedimenta. Ein relativt stor del av villfis-

ken får på denne måten i seg medisinrestar, men konsentrasjonane er låge. Ein småsei som et ein medisinpellet, vil etter eit døger ha medisinmengder i muskelen som ligg klårt over grenseverdiane som gjeld for næringsmiddel. Den helsemessige verknaden av antibakterielle midlar i villfisk er truleg liten, men medisinrestar kan skape spørsmål om kvaliteten på fisken og føra til marknadsmessige problem. Tekniske tiltak, til dømes før som søkk seint, oppsamling av spillfør eller bruk av spillførdetektor som styrer utføringa, vil redusere spreinga av antibakterielle midlar. Slike tiltak kombinert med tidsavgrensa fiskeforbod under og etter medisiner, vil sterkt redusere risikoen for at nokon et fisk med medisinrestar.

Sidan først på 1980-talet har vi forska mykje på korleis oppdrettsnæringa påverkar miljøet rundt anlegga. For å gje forvaltinga ein god reiskap å handtere slike miljøproblem med, byrja vi i 1993 å utvikle eit system for "Modellering og Overvaking av miljøverknader frå Matfiskanlegg" (forkorta MOM). Vi har utarbeidd ein rapport med ei kortfatta oversikt over ulike miljøverknader frå oppdrett, behovet for regulering, og korleis MOM-systemet angrip problema. MOM er

samansett av to deler: eit overvakingssystem som kan kontrollere at miljøverknaden ikkje overskrider fastsette grenseverdier, og ein matematisk modell som kan berekne miljøverknadane når vi har informasjonar om anlegg og lokalitet. Desse to delane er samordna, slik at overvaking og berekning handsamar dei same miljøfaktorane. MOM blir venteleg ein verdfull forvaltingsreiskap for avgrensing av oppdrettskonsesjonar, det kan også gje oppdrettsanlegga betre vatnkvalitet og ein meir effektiv produksjon. Dokumentasjon av godt miljø vil sjølvstakt også kunne nyttast i marknadsføringa av norske havbruksprodukt.

Arbeidet med å utarbeide statusrapportar for miljø i Nordsjøen kravde i 1993 ein stor innsats frå fleire forskarar og fagmiljø ved Havforskningsinstituttet, i samarbeid med Statens forureiningstilsyn, NIVA og andre fagmiljø i Noreg, Sverige og Danmark. Noreg hadde ansvaret for miljørapportar frå tre område i Nordsjøen. Rapportane blir grunnlaget for ein europeisk ministerkonferanse i 1995 om miljøstatus i Nordsjøen. Miljøstatus for dei nordlege og nordaustlege delane av Nordsjøen viser at områda aust for Shetland er lite ureina. Men funn av miljøgifter i fisk og verknader på botnsamfunn og fisk av oljehaldig borekaks frå oljeindustrien gjev grunn til uro. Den sørvestlege norskekysten er lite ureina, men i nærleiken av industri og byar har vi registrert klare negative verknadar på miljøet frå kloakk- og industriutslepp. Skagerrak er tydeleg overgjøds-

la, og her har vi i fleire år hatt blømingar av skadelege algar. Lågt oksygeninnhald i vatnet har skada botnfaunaen. Ureiningar transporterte med luft- og havstraumer frå sørlege område påverkar dei norske delane av Nordsjøen, og Norskerenna ser ut til å verke som ein oppsamlingsplass for organiske miljøgifter, tungmetall og anna ureining.

I det vidare arbeidet i program 11 vil vi studere nærare verknadane av langtransportert ureining til Skagerrak og Norskerenna. Ein viktig del av dette arbeidet er utvikling av matematiske modeller for studier av ureiningstransport og kartleg-

gjing av ureiningskjeldar. Saman med Noregs geologiske undersøking (NGU) og Universitetet i Bergen vil vi gjere ei grundig marin-geologisk kartlegging av botnsedimenta i Norskerenna. Eit sentralt spørsmål er om miljøgiftene i sedimenta blir tekne opp og transporterte gjennom næringsrekka. Det er viktig å få kartlagt eventuelle biologiske effektar.

Oljeverksemda i Nordsjøen er ei stor belastning på miljø-

et. Det er ei viktig forskingsoppgåve å få eit meir samla bilete over miljøverknadane frå utslepp av olje og produksjonskjemikalier i samband med olje-/gassutvinning, ikkje berre i Nordsjøen, men også vidare nordover langs kysten. Etter kvart som nye felt blir tekne i bruk, og alderen på eksisterande felt aukar, er det fare for auka utslepp og negative miljøverknader på miljøet.




Foto: Geir S. Johannesen

Fiskeriforskning i utviklingsland

Havforskningsinstituttet har i mange år, i hovudsak på oppdrag frå NORAD, gitt assistanse til utviklingsland på områda fiskeriforskning og kompetanseoppbygging innan forskning, forvaltning og administrasjon.



PROGRAMLEIAR
TORE STRØMME

I 1993 vart det oppretta ei ny "koordineringseining" på tre personar innan gruppa Fiskeriforskning i utviklingsland. Denne skal samordne bistandsprosjekt i regi av Havforskningsinstituttet og Fiskeridirektoratet slik at resultatane innan forskning og forvaltning vert gjensidig styrka. Koordineringseininga utfører òg ein del mindre oppdrag for NORAD, oppdrag som er for små eller for tidleg i planlegginga til å få status som eigne prosjekt.

Det meste av arbeidet retta mot utviklingsland har vore knytta til aktivitetar med forskingsfartøyet "Dr. Fridtjof Nansen", som i 18 år har drive resurskartlegging og bestandsmåling i utviklingsland, i nært samarbeid med Dei sameinte nasjonane (SN) sin matvareorganisasjon FAO. 1993 markerer ein milepæl i dette arbeidet, då "Dr. Fridtjof Nansen" i juni vart teken ut av drift og selt for å erstattast med ein nybygd "Dr. Fridtjof Nansen". Kjøpar var eit irsk dykkarselskap, som skal nytte fartøyet i samband med arkeologiske granskningar under vatn i Mosambik.

I første halvår 1993 utførte "Dr. Fridtjof Nansen" to tokt på pilchardbestanden og to tokt på lysingbestanden i Namibia. Fiskebestandane i Namibia, særleg lysing, har vore i kraftig vekst sidan landet

vart uavhengig i 1990. Alle utanlandske trålare måtte då forlate området etter fleire tiår med overfiske. I takt med oppbygginga av lysingbestanden er det i Namibia investert i auka fangstkapasitet og mottaksanlegg på land, og det er eit aukande press for større kvotar. Det er difor naudsynt å følgje utviklinga i bestanden nøye for ikkje på ny å få overfiske.

Den nye "Dr. Fridtjof Nansen" er finansiert av NORAD og byggekostnaden var 100 mill kroner. Fartøyet er utforma etter spesifikasjonar frå Havforskningsinstituttet, og vart overlevert frå Flekkefjord Slipp og Maskinfabrikk 1. oktober 1993. Den nye båten fører vidare både arbeidet og namnet til det gamle fartøyet. Etter ei grundig utprøving i norske farvatn, segla den nye "Dr. Fridtjof Nansen" i desember til Namibia. Dei næraste tre-fire åra vil fartøyet i hovudsak arbeide i Namibia og Angola. Kvar fartøyet seinare skal verke blir avgjort av NORAD etter råd frå Havforskningsinstituttet og FAO.

Samstundes med lanseringa av det nye fartøyet vil NORAD i åra framover også setje av midlar for å gjere utviklingslanda betre i stand til sjølve å utføre havforskning og fiskeriforvaltning. Bruken av fartøyet vil, saman med desse institusjonsbyggjande tiltaka, bli presentert internasjonalt som "Nansenprogrammet". Innhaldet i programmet blir planlagt av Havforskningsinstituttet i nært samarbeid med forskarar og fiskeriadministrasjonen i utviklingslanda og FAO. Eit kurs i bestandsvurde-

ring vart i november skipa til i Swakopmund i Namibia, i samarbeid med FAO og svensk utviklingshjelp, og frå regionen deltok til saman 28 personar. Nansenprogrammet vil også i tida som kjem leggje meir vekt på granskingar av det fysiske havmiljøet, og det er rekruttert ein forskar til å planleggje og koordinere dette arbeidet.

Havforskningsinstituttet har i 1993, som i dei føregående åra, gitt assistanse til Yellow Sea Fisheries Research Institute, havforskningsinstituttet i Qingdao, Kina. Vi hjelper òg med å halde forskingsfartøyet deira, "Bei Dou", operativt. Prosjektet vart evaluert med positivt resultat i 1993, og blir no gradvis nedbygt og avslutta ved utgangen av 1995.

Havforskningsinstituttet gjev råd og formidlar konsulenthjelp til Senter for Fiskeriforskning, CIP, i

Nicaragua, innan områda organisering og analyse av prøvefiske, bestandsanalyser og forvaltning.

I Sentral-Amerika gjev NORAD stønad til ein mellomstatleg fiskeriorganisasjon, OLDEPESCA, for utvikling av fiskeriforskning og forvaltning i regionen. Havforskningsinstituttet har på oppdrag av NORAD fagleg tilsyn med dette prosjektet, og det er rekruttert ein fiskeriøkonom i Panama for tre år.

I Mosambik blir det gitt konsulentstønad til fiskeriforskning, i hovudsak på rekebestanden og til forvaltning, og Havforskningsinstituttet har fått i oppdrag frå den danske utviklingshjelpa DANIDA å leie utarbeidinga av ein sektorplan for fiskeria i Mosambik.



Det nye forskingsfartøyet «Dr. Fridtjof Nansen».

Samarbeid og informasjon

Havforskningsinstituttet har utstrakt kontakt og samarbeid med forskingsinstitusjonar og forvaltingsorgan i Noreg og med ei rad forskingsinstitusjonar i andre land. Instituttet gjev norske styresmakter råd i forvaltningssaker knytta til marine ressursar, marint miljø og havbruk. Med norske og utanlandske forskingsinstitusjonar samarbeider Havforskningsinstituttet først og fremst om feltgranskingar, innsamling og utveksling av data om fiskebestandar og havmiljø - og generelt innan havbruksforskning. Vidare har vi samarbeid innan utvikling av vitenskaplege metodar og bruk av ny teknologi i forskingsarbeidet.

Det internasjonale råd for havforskning (ICES) er ein svært sentral samarbeidspartnar for instituttet. I arbeidsgrupper og andre fora innan ICES møter forskarar frå Havforskningsinstituttet kolleger frå andre land. Her blir innsamla data og vitenskaplege metodar kritisk vurdert før ICES kjem med sine tilrådingar om m.a. fiskekvotar.

På ICES-årsmøtet 1993 i Dublin deltok HI med ein stor delegasjon. Her vart resultat frå instituttet si forskning innan både ressursar, miljø og havbruk presenterte, og nye forskningsaktiviteter diskuterte. Årsmøtet drøfta også ei eventuell ny samansetting av arbeidsgrupper og komitéar i ICES. Økosystem som forskings- og forvaltningseiningar er eit sentralt tema i den førebels diskusjonen om endra organisering av Det internasjonale havforskningsråd. ICES-årsmøtet 1993 fastsette også endelege statuttar for Den rådgevande komitéen for havmiljø (ACME - Advisory Committee Marine Environment) - ein komité som i tillegg til forureinings spørsmål også tek opp samspelet mellom havklima/havmiljø og fiskeressursane. ICES legg i denne samanhangen opp til tettare kontakt mel-

lom ACME og Den rådgevande komité for fiskeriforvaltning (ACFM), for nettopp tverrfagleg samarbeid mellom havmiljø- og ressursforskarar.

Havforskningsinstituttet har i 1993 vore med på ei rad nasjonale og internasjonale forskarkonferansar, og instituttet har også vore vertskap for nokre av desse.

I juni 1993 arrangerte instituttet, med Forskingsstasjonen Flødevigen som vert, eit internasjonalt symposium om utsetjing og havbeite av torsk og andre marine fiskeartar. Nitti forskarar frå seksten land var med på denne konferansen, og HI var godt representert blant foredragshaldarane.

Same månaden var HI og Universitetet i Bergen vertskap for eit ICES-symposium om masseproduksjon og utsetjing av fiskeyngel. Symposiet samla 140 deltakarar frå 25 land.

Internasjonalt er felles feltgranskingar og utveksling av data viktig. Mest omfattende er samarbeidet med PINRO, det russiske havforskningsinstituttet i Murmansk. Samarbeidet med PINRO er viktig med omsyn til overvaking og trygg forvaltning av våre felles ressursar i nordlege farvatn. På årlege møter blir forskings samarbeidet mellom HI og PINRO drøfta og praktisk lagt opp. Tilliks med tidlegare år hadde vi i 1993 fleire fellestokt for overvaking og bestandsvurdering av viktige felles fiskeartar. Innan havmiljøforskning, fangstteknologi og fiskeatferd har HI og PINRO også forskings samarbeid og utveksling av data. I 1993 innleidde vi òg eit samarbeid om havbruksforskning. Med midlar frå Utanriksdepartementet har instituttet i 1993 støtta PINRO med utstyr og kursing av personell.

Havforskningsinstituttet var også i 1993, andre året

på rad, med på eit norsk-russisk tokt i Karahavet. Føremålet var å kartlegge dumpa radioaktivt materiale i dette ellers lukka området aust for Novaja Semlja. Toktet vart gjennomført i regi av Den norsk-russiske miljøkommisjonen, og norsk toktleiar kom frå Havforskningsinstituttet.

Nasjonalt er forskarar ved Havforskningsinstituttet med i ulike programstyrer og faggrupper innan ressurs, miljø og havbruk. Også i internasjonale forskingskomitéar og råd er instituttet godt representert.

Instituttet har eit nært samarbeid med andre forskingsinstitusjonar og universitet i Noreg. Med Fiskeriforskning i Tromsø har Havforskningsinstituttet ein samarbeidsavtale, og i 1993 hadde styra og leiargruppene ved HI og Fiskeriforskning fellesmøter der det praktiske forskingssamarbeidet var drøfta.

Fleire forskarar ved Havforskningsinstituttet har professor II stilling og er sensorar ved norske universitet og høgskular - og i 1993 tilsette Havforskningsinstituttet tre forskarar ved Universitetet i Bergen i bistilling ved Havforskningsinstituttet. Denne gjensidige bistillings-ordninga mellom HI og universitetet er fagleg verdfull for begge institusjonane. Fleire studentar ved UiB har også kortare eller lengre opphald ved Havforskningsinstituttet - og forskarar ved Havforskningsinstituttet som arbeider med doktoroppgåver, får rettleving ved UiB.

INFORMASJON

Havforskningsinstituttet bruker mange ulike tiltak og kanalar for å spreie informasjon om instituttet sine forskingsresultat til ulike brukargrupper. Direkte kontakt med fiskeri- og havbruksnæringa - og i aukande grad også med andre grupper og ein-skildpersonar - er ein viktig del av instituttet si utadretta verksemd. Media er ikkje minst ein svært viktig formidlingskanal.

Yrkesutøvarane innan fiskeri og havbruk er viktige brukarar av instituttet sine forskingsresultat. Forskarane ved Havforskningsinstituttet har difor også i 1993 vitja og halde foredrag på ei rad års-

møter, konferansar o.l. i fiskeri- og havbruksorganisasjonar. På andre fagkonferansar innan m.a. havmiljø og forureining har også forskarar ved instituttet vore flittige foredragshaldarar. Studentar, skuleelevar og lærarar er òg grupper som i aukande grad etterspør orienteringar og foredrag frå forskarar ved Havforskningsinstituttet. I den grad vi av kapasitetsomsyn ikkje kan etterkome foredragsønskje frå desse siste gruppene, freistar vi gje studentar og skular oppdatert skriftleg materiale innan instituttet sine fagområder. Tilsaman gjev no forskarane ved Havforskningsinstituttet godt over to hundre foredrag årleg (sjå publikasjonslista).

I 1993 har forskarane ved instituttet skrivne mange artiklar i fagpressa og andre publikasjonar, og dette er også eit viktig tiltak for å få forskingsresultata fram til næringsutøvarane og andre interesserte. Likeeins har vi distribuert eit stort antal "Havforskningsnytt", vår populærvitskaplege publikasjon, som i 1993 kom ut med 22 nummer. På den internasjonale havbruksmessa "AquaNor 93" i Trondheim var meir enn to tusen med tilknytning til havbruksnæringa innom Havforskningsinstituttet si utstilling, snakka med våre forskarane og fekk med seg skriftleg materiale frå det nyaste innan vår havbruksforskning.

Tilliks med tidlegare år var kontakta med media også i 1993 svært omfattande. Journalistar frå aviser, tidsskrift, radio og TV er so godt som dagleg i kontakt med Havforskningsinstituttet. Instituttet si Informasjonsavdeling legg stor vekt på å gje media gode arbeidstilhøve, sende journalistar naudsynt og korrekt bakgrunnsinformasjon til aktuelle reportasjar m.v.

I tillegg til dagleg telefonkontakt med media er årlege presseseminar ein viktig lekk i informasjonsarbeidet andsynes media, for nettopp å gje journalistar god innsikt i ymse sider ved instituttet si forskning. I 1992 skipa vi til eit to-dagars presseseminar om ressursar og havmiljø i Barentshavet. I 1993 hadde vi tjue europeiske forskingsjournalistar på to-dagars seminar om havklima, generell ressursforskning og sjøpattedyr. I 1994 inviterer vi pressa til m.a. eit to-dagars hav-




Foto: Mentz Indergaard

bruksseminar i Austevoll, og ei gruppe skal inviterast til generelt havforskningsseminar ved stasjonen i Flødevigen. Forskarar frå Havforskningsinstituttet er også årvisse foredragshaldarar på presseseminarer. Fiskeridepartementet arrangerer i samarbeid med Institutt for Journalistikk.

I juni 1993 fekk Havforskningsinstituttet vitjing av HM Kong Harald og HM Kong Carl Gustav av Sverige, som med følgje fekk omvising og tur med F/F "Johan Hjort". I samaband med kongevitjinga fekk eit stort pressekorps frå Noreg og Sverige orientering om instituttet si verksemd. F/F "Johan Hjort" vart same dagen nytta til orientering av UD-aspirantar og den nemnte gruppa europeiske forskingsjournalistar. I tillegg har mange journalistar frå aviser, tidsskrift, radio og TV vore på ein eller to dagars vitjing ved instituttet i Bergen og ved våre forskingsstasjonar i Matre, Austevoll og Flødevigen. Vi har òg i 1993 hatt fleire journalistar med på tokt med våre forskingsfartøy.

Instituttet har fått svært positive tilbakemeldingar frå media i 1993, og media har også i det store og heile laga korrekte og gode reportasjar frå instituttet si forskning.

Nasjonale og internasjonale kontakter



Forkortingar nytta i figuren:

- ICES - Det internasjonale råd for havforskning
 NEAFC - Den nordaustatlantiske fiskerikommisjon
 NAFO - Den nordatlantiske fiskerikommisjon
 NASCO - Den nordatlantiske organisasjon for lakseforvaltning
 UiO,UiTø,UiB - Universiteta i Oslo, Tromsø og Bergen
 DNMI - Det norske meteorologiske institutt
 NP - Norsk polarinstitutt
 NFR - Noregs forskingsråd
 DNF - Direktoratet for naturforvaltning
 SFT - Statens Forureiningstilsyn
 SINTEF - Stiftelsen for industriell og teknisk forskning
 NERSC - Nansen senter for miljø og fjernmåling

- NAMMCO - Den nordatlantiske sjøpattedyrkommissjon
 NIVA - Norsk institutt for vannforskning
 NINA - Norsk institutt for naturforskning
 NLH - Noregs landbrukshøgskule
 NVH - Noregs veterinærhøgskule
 PINRO - Det russiske (polare) havforskningsinstitutt, Murmansk
 MRI - Havforskningsinstituttet i Island
 DFHU - Danmarks fiskeri- og havundersøgelser
 MAR LAB - Det marine laboratoriet i Skotland
 CCAMLR - Kommisjonen for verning av levande marine ressurser i Antarktisk
 IWC - Den internasjonale kvalfangstkommissjon
 FAO - SN sin matvareorganisasjon



F/F «G. O. Sars». Foto: Mentz Indergaard

HAVFORSKINGSINSTITUTTET

*Nordnesparken 2 - Postboks 1870 Nordnes
5024 Bergen
Telefon 55 23 85 00 - Telefax 55 23 85 31*

FORSKINGSSTASJONEN FLØDEVIGEN

*4817 His
Telefon 37 01 05 80 - Telefax 37 01 05 15*

AUSTEVOLL HAVBRUKSSTASJON

*5392 Storebø
Telefon 56 18 03 42 - Telefax 56 18 03 98*

MATRE HAVBRUKSSTASJON

*5198 Matredal
Telefon 56 36 60 40 - Telefax 56 36 61 43*

HAVFORSKINGSINSTITUTTET, INFORMASJONEN

*Telefon 55 23 85 21 eller 55 23 85 38
Telefax 55 23 85 86*